



Norddal kommune  
- ein verdsarvkommune



---

***HANDLINGS-  
PLAN  
MOT MOBBING  
OG  
KRENKJANDE HANDLINGAR***

**VED SKULANE I NORDDAL KOMMUNE**

# 1 INNLEIING

Handlingsplanen er laga med bakgrunn i Kapittel 9a i opplæringslova.

## §9a-1 Generelle krav

Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

## §9a-3 Det psykososiale miljøet

Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkomande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogeleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtfærd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om der var gjort enkeltvedtak.

Det er viktig å understreke at denne lovparagrafen handlar om meir enn mobbing. Mobbing, vald, rasisme og diskriminering er berre eksempel på «krenkjande ord eller handlingar». Lova gjeld også andre former for krenkjande ord eller handlingar, slik som negative, enkeltstående utsegn om ein person sin utsjånad, klede, tru, dialekt, funksjonshemming, seksuell legning osv.

## Definisjonar:

*Mobbing:*

- En person blir mobbet når han eller hun, gjentatte ganger og over tid, blir utsatt for negative handlinger fra en eller flere personer. Det er en negativ eller aggressiv handling når noen med vilje påfører en annen person skade eller smerte – ved fysisk kontakt, ved ord eller på andre måter. For å kunne bruke betegnelsen mobbing skal det også være en viss ubalanse i makt- og styrkeforholdet: den som blir utsatt for de negative handlingene, har vanskelig for å forsvare seg og er noe hjelpeløs overfor den eller de som plager ham eller henne.
- Etter denne definisjonen, som også blir brukt internasjonalt, er mobbing kjennetegnet av disse tre kriteriene: 1) Det dreier seg om aggressiv eller ondsinnet adferd, som 2) gjentar seg og varer ved over en viss tid 3) i en mellommenneskelig relasjon som er preget av en viss ubalanse i styrke- eller maktforholdet. Mobbing inntreffer ofte uten noen åpenbar provokasjon fra offeret si side.
- Loven omfatter både direkte mobbing, med etter måten åpne angrep på offeret, og indirekte mobbing, med sosial isolering og utestenging frå gruppa.

*Diskriminering:*

- Diskriminering innebærer at en person blir dårligere behandlet eller trakassert, for eksempel på grunn av kjønn, funksjonsdyktighet, trosbekjennelse, hudfarge, nasjonal eller etnisk opprinnelse. Diskriminering kan både være direkte og indirekte.

*Rasisme:*

- Rasisme omfatter diskriminering på grunnlag av «rase», hudfarge eller nasjonalt eller etnisk opphav. (Kunnskapsdepartementet, 2013)

## Denne handlingsplanen omfatter tre hovudtypar mobbing:

- Direkte mobbing: der nokon vert utsett for direkte angrep fysisk eller psykisk, med for eksempel spark, slag, skjellsord eller liknande.
- Indirekte mobbing: til dømes når ein elev vert halden utanfor og ikkje får delta i leik, samtale eller fellesaktivitetar, ved utfrysing, "blikk", vende ryggen til eller liknande.
- Digital mobbing: når mobiltelefon, nettstader og sosiale medium vert nytta til å krenkje andre.

Det er i Noreg innført nulltoleranse for mobbing, jamfør Manifest mot mobbing 2011-2014. Dette tyder at det konsekvent skal takast tak i den som mobbar for å stoppe handlingane, og at det ikkje finst unnskyldning for slik åtfærd.

## 2 KORLEIS OPPDAGE MOBBING OG ANDRE KRENKJANDE HANDLINGAR

### 2.1 på skulen

Alle tilsette på skulen har til ei kvar tid plikt til å fylgje godt med for å oppdage krenkjande handlingar. Dei som utøvar slike handlingar, kan vere svært flinke til å halde dette skjult for vaksne.

### 2.2 elevane

Elevane kan sjølv varsle til: kontaktlærar, rektor, sosiallærar, helsesøster eller ein person dei har tillit til.

### 2.3 heime

Heller ikkje heime er det alltid at elevane fortel om at dei er utsette for krenkjande handlingar. Det er derfor viktig at foreldra er merksame og ser etter teikn og forandringar hos barnet.

Nokre varselsignal:

Når barnet:

- kjem heim med sundrivne klede, øydelagde bøker eller har "mista" ting utan å kunne gjere greie for kva som har hendt.
- har blåmerke, skadar, kutt og skrammer utan ei truverdig forklaring på korleis det har oppstått.
- ikkje tek klassekameratar med heim, og sjeldan er med klassekameratar etter skuletid.
- verkar redd for eller har motvilje mot å gå på skulen om morgonen.
- vel ein "ulogisk" veg til skulen.
- misser interessa for skulen og skulearbeidet går tilbake.
- verkar ulukkeleg, deprimert eller har skiftande humør med plutsleg utbrot av sinne.
- har dårleg appetitt, hovudverk eller vondt i magen.
- søv uroleg om natta med mareritt og gråt i søvne.
- stel eller ber om ekstra pengar (for å blidgjere dei som mobbar).

### Korleis oppdage at barnet plagar andre.

Som foreldre kan det vere vanskeleg å oppdage og å erkjenne at eins eige barn mobbar eller utøvar krenkjande handlingar mot andre.

Men dersom fleire av punkta nedanfor passar på ditt barn, bør du ta det alvorleg og følgje saka vidare. Det må understrekast at desse punkta må ein sjå på som hovudtendensar. Likevel er det sannsynleg at ein som aktiv plagar andre har eitt eller fleire av kjenneteikna nedanfor:

Når barnet:

- syner ei meir positiv haldning til vald enn elevane flest.
- syner sterk trong til å dominere og undertrykkje andre born, til å hevde seg med makt og truslar for å få viljen sin.
- har vanskar med å rette seg etter reglar.
- verkar tøff og syner lita medkjensle for born som vert mobba.
- er flink til å snakke seg ut av vanskelege situasjonar.
- synest å like å håne, krenke, herse med, skade eller latterleggjere andre born.
- er aggressiv, "frekk" trassig og i generell opposisjon.

**Det er alle si plikt å fylgje med og varsle om krenkjande handlingar. Den er ofte godt skjult og kan vere vanskeleg å få greie på. Offeret vert som regel trua til å teie. Det same kan gjelde medelevar, og i dei fleste tilfelle forstår ikkje borna heilt kor gale det er det dei er med på.**

### **3 FØREBYGGJANDE TILTAK MOT MOBBING OG ANDRE KRENKJANDE HANDLINGAR**

Skulane i Norddal har formulert sine overordna forventningar/målsettingar;

- *Eidsdal skule skal vere ein god stad for trivsel, læring og utvikling der alle er inkludert.*
- *Valldal skule skal vere ein god stad å vere, ein god stad å lære og ein god stad for framtida.*

Det viktigaste tiltaket mot mobbing og krenking, er å ha eit godt og inkluderande miljø der slik åtferd ikkje får gro fram. Her er det viktig med eit nært og godt samarbeid mellom skulen og heimen. Elevane er oftast eit spegelbilde av heimen og skulemiljøet, så her må vi vere konsekvente og gode førebilete både som lærarar og foreldre. Vi må sørge for at elevane forstår kva krenkjande handlingar er, og kva fylgjer det kan ha, og at dei aktivt er med på å skape eit godt psykososialt miljø.

#### **3.1 Informasjon**

Denne planen skal kontaktlærarane leggje fram for klassene ved skulestart og for foreldra på klasseforeldremøte kvar haust. Føresette sørgjer for å informere sine barn om innhaldet i planen. Handlingsplanen skal vedtakast kvart år av SU (på same måte som ordensreglane). Planen skal ligge lett tilgjengeleg på skulane sine heimesider.

#### **3.2 Undervisningsopplegg**

Skulane skal nytte opplæringsprogram for å skape sjølvstendige og gode haldningar blant borna. Føresette skal involverast i opplegget og har ei svært viktig oppgåve med oppfylging heime.

Det er viktig at skulane har i hende undervisningsmateriell som kan skaffe lærarane den kunnskapen dei har behov for i kampen mot krenkjande handlingar. Skulane og FAU skal legge til rette for at lærarar og føresette får nødvendig opplæring i bruk av dei ulike programma.

Døme på opplæringsprogram: "Det er mitt val", Steg for steg.

#### **3.3 Trivselstiltak**

Alle elevar skal føle seg velkomne og verdsette, dette arbeider vi for gjennom ros, tilpassa opplæring og omsyn til ynskje frå elevane.

Skulane skal drive ein aktiv politikk med turar og arrangement, med og utan overnatting, for å skape samhald i klassene/gruppene. Elevane må få forklart og forstå kvifor reglar og normer må fylgjast, og at det er til deira eige beste. Elevane skal kunne ta aktivt del i oppussing og utsmykking av skulane.

Skulane skal i samarbeid med elevane og heimane utarbeide ein plan for trivselstiltak.

#### **3.4 Tilsynsordning**

Elevane skal føle seg trygge på at dei lett får kontakt med vaksne, og dei skal føle seg trygge på at dei vert høyrte. I friminutta skal lærarane føre nødvendig og årvake tilsyn. Elevane må også sjølv seie ifrå dersom noko skjer. Fadderelvar og elevrådsrepresentantar vert særleg oppmoda om å varsle vaktlærar dersom dei oppdagar handlingar av krenkjande karakter.

#### **3.5 Klassemøte/klasseråd**

Alle klasser skal jamleg ha klassemøte som blir leia av lærer, der ein jobbar med tema knytt til trivsel og klassemiljø. Tema og omfang av møtet skal vere tilpassa elevane sin alder.

#### **3.6 Klassereglar**

Alle klassene ved skulane skal bruke tid på å lage eigne reglar om temaet "folkeskikk". Desse reglane skal bygge på trivsel og ordensreglar, dei skal vere direkte og konkrete. Reglane skal vere eit styringsreiskap og ein rettleiar for det daglige samveret mellom elevane. Klassereglane skal innehalde konsekvensar ved brot på reglane. Klassereglane skal vere synlege (hengast opp) og må følgjast opp i løpet av skuleåret, f.eks. i klassemøte/-råd. Ansvar for gjennomføring og oppfølging av reglane ligg hjå kontaktlærar.

#### **3.7 Elevsamtalar**

Kontaktlærar skal minst to gonger i året ha samtalar med kvar einskild elev, der eitt tema skal vere om eleven opplever, eller veit at krenkjande handlingar skjer.

## 4. TILTAK VED KRENKJANDE HANDLINGAR

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtfærd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil dette likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

**Utgangspunktet for all handsaming er at det er dei som utfører desse handlingane som representerer problemet, og som må endre åtfærd.**

Så snart krenkjande handlingar vert oppdaga, eller ved mistanke om mobbing, skal det varslast tenesteveg, og om mogeleg og føremålstenleg gripast inn av den som oppdagar dette. Alle pliktar å hjelpe til slik at meldinga så snart som råd kjem fram til rektor.

- Rektor er ansvarleg for at det straks blir oppretta ei antimobbegruppa. Kven som skal delta i gruppa avgjer rektor utifrå den enkelte situasjon.
- Rektor sørgjer for at det blir sett i verk nødvendige tiltak i samsvar med denne planen. Det er vidare viktig at det skjer ei rask kartlegging når det gjeld innhald og omfang av mobbesituasjonen.
- Foreldra til dei som har vore innblanda i situasjonen skal informerast på ein god måte så snart det let seg gjere.
- Antimobbegruppa skal i samråd med føresette til ei kvar tid vurdere kva den treng av hjelp frå aktuelle hjelpeinstansar for å finne fram til gode løysingar og tiltak i den aktuelle situasjonen.
- Det skal i kvar sak peikast ut ein person i denne gruppa som får ansvaret for å følgje opp tiltaka, kalle saman til møte og føre ein rapport som viser kva som er sett i verk og korleis desse har verka.
- Rektor vurderer i samråd med den som har fått ansvaret for å følgje opp den konkrete situasjonen kor ofte det er nødvendig å samle antimobbegruppa og representantar frå ulike hjelpeinstansar.
- Det skal utarbeidast avtalar med dei som er involverte og desse skal dokumenterast skriftleg slik at alle som treng å kjenne til avtalane til ei kvar tid kan minnast om kva dei går ut på. Antimobbegruppa har ansvar for at dette vert gjort. Avtalane skal underteiknast av dei avtalen gjeld og ein av deira føresette som stadfesting på at dei samtykkjer i avtalen. Avtalen skal vere avgrensa i tid og innehalde dei tiltak det er nødvendig å sette i verk for å hindre vidare mobbing. Den skal og innehalde dei sanksjonar som skal settast i verk om avtalen vert broten. Det er viktig med tett oppfølging og vurdering av om avtalane er tenelege eller må endrast
- Alle som arbeider med dei aktuelle elevane skal kjenne til avtalane og har ansvar for å melde frå til den personen som har fått ansvaret for å følgje opp den konkrete saka om dei registrerer handlingar som kan vere brot på gjeldande avtalar. Den som skal følgje opp saka har og eit spesielt ansvar for å gi nødvendig informasjon til tilsette som må kjenne innhaldet i avtalane.

Den som blir krenkja skal fortløpande haldast kontakt med for å gi støtte, og for å få stadfesta om dei uønskte handlingane tek slutt. I nokre tilfelle kan det vere praktisk å kome med råd og rettleiing til offeret om korleis situasjonen kan taklast.

## 5. TILTAK MOT DEN SOM KRENKJAR ANDRE

Dersom avtalen vert broten og handlingane ikkje tek slutt, skal eitt eller fleire tiltak setjast i verk. Kva tiltak som vert valt er avhengig av situasjonen, alder på barna, alvorgrad, personlegdom, osv.

- Alle lærarane til dei som krenkjer vert informert om kva dei som krenkjer gjer.
- Åtferda til dei som krenkjer vert diskutert i klassa.
- Dei som krenkjer må møte foreldra til offeret saman med kontaktlærer og rektor.
- Dei som krenkjer må møte foreldra til offeret saman med sine foreldre, kontaktlærer og rektor.
- Dei som krenkjer må fylgje vaktlærer i friminutta.
- Dei som krenkjer må følgjast av føresette til og frå skulen.
- Dei som krenkjer må følgjast av føresette gjennom skuledagen.
- Dei som krenkjer får ikkje følgje skulebussen for ein periode, etter avtale med sjåfør.
- Dei som krenkjer må sitje på første benk i skulebussen, etter avtale med sjåfør.
- Andre tiltak som situasjonen krev.

**Når nokon vert utsett for krenkjande handlingar blir dei ofte trua til å ikkje nemne dette for nokon. Vi oppmodar difor alle føresette til å bry seg, og melde frå til skulen om ein oppdagar/høyrer om slike handlingar.**

## 6. FORVENTNINGAR

For å skape eit skulemiljø der alle veit og respekterer at mobbing ikkje er akseptert og tillate, er det viktig at samvere mellom barn og vaksen er prega av:

### TRYGGLEIK- ANSVAR – LIKEVERD - SAMARBEID

Reglane vi må følgje skal basere seg på ulike forventningar til kvar av oss.

#### 6.1 Forventningar til leinga ved skulen

Det er særleg viktig at rektor/skulens leing har ansvar for tiltak mot mobbing. Vidare er det avgjerande at skulen si leing sørgjer for å gjere Handlingsplanen kjent for personalet, og at personalet følgjer dei tiltak som er skissert. Det skal ikkje vere opp til kvar enkelt lærar å setje i verk tiltak når krenkjande handlingar vert oppdaga.

Forventningar til skulen si leing:

- Personalet skal ha kjennskap til skulen sin handlingsplan mot krenkjande handlingar
- Sørgje for samarbeid mellom skule og SFO i mobbesaker
- Vere gode rollemodellar
- Ha ein nær dialog med kontaktlærer og føresette ved alle tilhøve som er avgjerande for at klasser og elevar skal trivast ved skulen.
- Sørgje for regelmessig evaluering av elevar og lærarar med tanke på trivsel, etc..
- Ta på alvor alle varsel/meldingar skulen får om mobbing og krenkjande handlingar
- At dei støttar opp om lærarane sitt arbeid og arbeidsoppgåver på dette området
- Sørgje for at alle vaksne på skulen får rettleing og nødvendig opplæring
- Ansvar for å formidle resultat av Elevundersøkinga til FAU
- Vere lojale til handlingsplanen

#### 6.2 Forventningar til skulen sitt personale

Det er avgjerande med gjensidig kontakt og samarbeide med dei føresette. I tillegg er det viktig med ein god dialog med skulen sine elevar.

Forventningar til kvar enkelt medarbeidar:

- At ein er lojal mot skulen sin handlingsplan
- At ein melder frå til skulen si leiing ved mistanke om mobbing/krenkjande handlingar
- At ein hjelper barna til å tru på seg sjølv
- At ein er ein god støttespelar for eit godt skulemiljø og eit trygt klassemiljø
- At ein skaper ro i klassen
- At ein er opptatt av korleis eleven fungerer på skulen
- At ein rosar evna til å skape godt kameratskap og hindrar aggressive situasjonar
- At ein stimulerer til leik og trivsel og eit godt utemiljø på skulen
- At ein gir føresette beskjed dersom eleven gjentekne gongar ikkje kjem til rett tid
- At ein gir beskjed til føresette dersom ein trur ein elev vert utsett for mobbing/krenkjande handlingar
- At ein gir beskjed til føresette dersom ein trur ein elev mobbar
- At ein grip inn ved mistanke om mobbing – ”den som tiar samtykkjer”
- At ein deltek så langt det er mogleg på arrangement som klassen har
- At ein er ein tydeleg leiar i klasserommet og eit godt førebilete.

### **6.3 Forventningar til elevane**

Elevane er ein viktig faktor for å skape eit godt klasse- og skulemiljø. Utan elevane sitt engasjement er det vanskelig å få til gode og stabile miljø i klassen og på skulevegen.

Forventningar til elevane:

- At dei respekterer sine medelevar
- At dei inkluderer alle elevar
- At dei prøver å skape godt vennskap med sine medelevar
- At dei ikkje plagar eller mobbar andre elevar
- At dei seier i frå til vaksne på skulen dersom ein vert mobba
- At dei seier i frå til vaksne dersom dei trur andre vert utsett for mobbing
- At dei seier i frå til vaksne dersom dei veit om nokon som mobbar andre
- At dei prøver å løyse konflikhtar og problem som kan oppstå
- At dei deltek så langt som mogleg på skulen sine arrangement

### **6.4 Forventningar til foreldre/føresette**

Foreldre har hovudansvaret for både opplæring og oppseding av barnet. Skulen skal hjelpe og støtte foreldra. Samarbeid mellom heim og skule skal vere basert på gjensidig tillit og respekt for kvarandre sine oppgåver ,samt openheit og presis og riktig informasjon.

Forventningar til foreldre/føresette:

- At dei er lojal mot skulen sin handlingsplan
- At dei er gode støttespelar for eit godt klassemiljø
- At dei omtalar skulen og skulen sitt personale positivt når barnet høyrer på
- At dei er opptekne av korleis barnet fungerer på skulen
- At dei rosar barnet sitt og gir det positiv tilbakemelding på innsats og framgang
- At dei snakkar med barnet sitt om mobbing og tek avstand frå dette
- At dei gir beskjed til klasselærer/skulen si leiing dersom dei trur at sitt barn eller andre vert utsett for mobbing
- At dei gir beskjed til skulen dersom dei ser konkrete ”mobbeepisodar”
- At dei snakkar med barnet sitt dersom det mobbar eller vert utsett for mobbing og prøver å løyse dette raskast mogleg.
- At dei deltek i skulen sitt sosiale liv, spesielt foreldremøte og skule/klassearrangement

Vedteken i FOR ....

Planen skal rullerast hausten 2016